



## Time sokneråd

Postboks 373  
4349 BRYNE  
Tlf: 51 77 03 77  
Faks: 51 77 03 60

Bryne 08.12.2009

### Referat frå møte i Time sokneråd 2010 - 2011

Møtedato: 03.12.2009  
Møtetid: kl. 19:00  
Møtestad: Fjellvegen 4, Lye

#### Tilstede:

Amund Undheim, Arne Heggheim, Irene Time Grødem, Marit Hallaråker Fotland, Hermund Lende, Torleif Vestly, Gunnar Frøyland, Elisabeth S Obrestad.

#### Meldt forfall:

Solveig Hodne Hetland.

#### Referat

Innkalling og referat er godkjent.

#### Sak 002/09 Evaluering samarbeidsavtale.

##### Vedtak:

Evaluert avtale mellom Lye forsamlingshus og Den norske kyrkja blei godkjent i møte. Avtalen er sendt vidare til Lye forsamlingshus, Prosten og Fellesrådet for godkjenning.

#### Sak 003/09 Instruks for handtering av offer.

##### Vedtak:

Instruks for handtering av kollekt i Time kyrkje.

Klokkar og kyrkjevert tel kollekten, fyller ut bilag som skal følgja nattsafeposen og signerer på denne. (To underskrifter). Kollekten kan ikkje handterast av to personar i nært slektskap, ektepar, sysken, foreldre, born eller ein som er gift med ein av desse.

Kvittering i kollektblokk vert fylt ut og signert. (To underskrifter).

Gjenpart av nattsafebilag skal leggjast bak i kollektblokka. Kasserar hentar denne seinare.

Dagens klokkar er ansvarleg for å leggja pengar m/kvittering i nattsafen i Time sparebank.

#### Sak 004/09 Behandling av offersøknader.

##### Vedtak:

Offersøknadane blei fordelt med 19 offer til eksternt arbeid og 14 offer til internt arbeid.

Vi vil og ha offer 1. juledag.

#### Sak 005/09 Datoar for møte i Time sokneråd 2010.

##### Vedtak:

Møtedatoar 2010:

28. januar, 18. februar, 18. mars, 27. mai, 26. august, 30. september, 28. oktober og 9. desember.

#### Sak 006/09 Kyrkjestyss.

##### Vedtak:

Frode Fotland overtek etter Helga Garborg.

**Sak 007/09 Jubileum Time kyrkje.**

*Vedtak:*

Evaluering: Det tok litt lang tid å ta inn offer på galleriet, dette skyldast at der var bare ein person som gjorde dette. Kunne ha starta kyrjekaffien 15 min. tidlegare. Litt mindre folk enn venta, og dermed altfor mykje mat. Det var dekket til 300 personar, der kom 200.

Vanskeleg å koke så mykje kaffi, dette blei løyst med å kjøpe dunkar med ferdig kaffi frå Jæren Hotell.

**Sak 008/09 Innkjøp at nytt altersølv til Time kyrkje.**

*Vedtak:*

Time sokneråd går inn for å kjøpe inn nytt altersølv frå sølvsmeden på Finnøy, tilbodet er på kr 35.531,-.

Soknerådet ynskjer at det blir gravert inn "Time kyrkje 2009", desse kostnadane kjem i tillegg.

**Sak 009/09 Utgifter til jubileum.**

*Vedtak:*

Time sokneråd godkjenner oversikten frå O. Underhaug, i tillegg dekkar soknerådet inntil kr 20.000,- til innkjøp av nye korttrapper til Time kyrkje.

For Time sokneråd

Elisabeth S. Obrestad  
Sekretær